



Arkivnr: 2017/4399-5

Saksbehandlar: Gunhild Raddum

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		07.02.2018
Fylkesutvalet		21.02.2018

Rammeplan for avkjørsler med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest - 2017-2020. Godkjenning av Hordaland fylkeskommune**Samandrag**

«Rammeplan for avkjørsler med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest - 2017-2020» vert med dette lagt fram for politisk godkjenning i Hordaland fylkeskommune. Rammeplanen vil erstatte «Rammeplan for avkjørsler og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i region vest 2013 – 2017». Det er gjort nokre forbetringar knytt til struktur og oppbygging av planen, men prinsippa for dei ulike haldningsklassane er i liten grad endra. Dette er 3. revisjon av rammeplanen.

Rammeplanen er ein rettleiar for Statens vegvesen og fylkeskommunane si handsaming av saker knytt til avkjørsler og byggjegrenser. Planen er ikkje juridisk bindande, men skal gje eit felles vurderingsgrunnlag som også kommunane kan nytte. Det må merkast at veglova § 29 fastset den generelle byggegrensa for både riks- og fylkesveg til 50 meter frå midtlinja, men lova opnar for at fylkeskommunen kan differensiere byggegrensa langs fylkesveg ned til 15 meter. Det er mogleg å søkje dispensasjon frå hovudprinsippa når det av ulike tilhøve viser seg å vere hensiktsmessig. Avslag på søknader om dispensasjon frå byggegrenser eller avkjørsler kan ikkje fattast ved berre tilvising til rammeplanen eller haldningsklassane. Kvar sak skal vurderast separat og avslag skal grunngjevast i kvar einskild sak.

Det er 4 ulike haldningsklasser på riks- og fylkesvegnettet.

1. Meget streng haldning (raud klasse)
2. Streng haldning (gul klasse)
3. Mindre streng haldning (blå klasse)
4. Lite streng haldning (grøn klasse)

Haldningsklassane er visualisert med ulike fargekoder på kart, og dette er no gjort digitalt og dynamisk gjennom Vegkart (<http://arcg.is/28S0pBn>).

Fylkesrådmannen tilrar at rammeplanen for avkjørsler og byggegrenser for fylkesvegar i Hordaland gjeldande frå 2017 til 2020 vert vedteken av fylkesutvalet slik den no ligg føre.

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ulykker direkte knytt til avkjørsler utgjer mellom 15-20 % av alle trafikkulykker. Av omsyn til trafikktryggleik er det difor eit mål å avgrense talet på avkjørsler på fylkesvegnettet.

Regional planstrategi: Kopling til Regional plan for attraktive senter i Hordaland og Regional transportplan.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek «*Rammeplan for avkjørsler med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest 2017-2020*», og godkjenner fylkesrådmannen sine tilrådingar i saksutgreiinga når det gjeld haldningsklasse for dei veglenkene som ein skilde kommunar har hatt merknad til i høyringsrunden.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 15.01.2018

Nærare om planen

Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune har nullvisjonen som eit mål i arbeidet knytt til transport og vegnett. For å nå dette målet må mange ulike verkemiddel takast i bruk for å redusere talet på trafikkulykker. Undersøkingar viser at ulykker direkte knytt til avkjørsler er mellom 15-20 % av alle trafikkulykker. Av omsyn til trafikktryggleik og sikring av veg er det difor viktig å ha ein strategi for avkjørsler og byggegrenser for unngå uheldig plassering av avkjørsler og bygg plassert tett på fylkesveg.

Rammeplanen for avkjørsler og byggegrenser som no blir lagt fram for godkjenning for riks- og fylkesvegar i Statens vegvesen Region vest erstattar rammeplanen for avkjørsler frå 2013 - 2016. I mai/juni 2017 var forslag til ny rammeplan på høyring i alle kommunane i Region vest. Statens vegvesen sendte i brev av 20.12.2017 forslaget for rammeplan for avkjørsler og byggegrenser for perioden 2017-2020 over til godkjenning i dei tre fylkeskommunane i Region vest.

Veglova § 29 fastset den generelle byggegrensa for både riks og fylkesvegar til 50 meter frå midtlinje. Veglova § 29, 4de ledd opnar for at fylkeskommunen kan differensiere byggegrensa langs fylkesvegar ned til 15 meter frå midtlinje. Statens vegvesen legg fram forslag om eit opplegg for differensierte byggegrenser som er i tråd med tidlegare haldningsklassar for avkjørsler. Tilsvarande gjeld forslag til byggegrenser som er på høvesvis 15 meter, 30 meter og 50 meter etter kva haldningsklasse den aktuelle fylkesvegen fell inn under.

Rammeplanen for avkjørsler og byggegrenser tek sikte på å løyse interessekonfliktar mellom Statens vegvesen som avgjerande styresmakt for riksvegar og rådgjevande styresmakt for fylkesvegar, og kommunane som er hovudansvarlege for arealdisponeringa. Rammeplanen er ein rettleiar for kva haldning Statens vegvesen skal ha til byggegrenser og avkjørsler i arealplanar og ved handsaming av søknader om dispensasjon frå byggegrense og krav til avkjørsler. Rammeplanen er ikkje juridisk bindande, og kvar søknad om dispensasjon frå byggegrenser eller avkjørsler skal vurderast separat. Avslag skal grunnjewast og kan ikkje fattast ved berre tilvising til rammeplanen eller haldningsklassane

Orientering om haldningsklassane

Etter retningslinjene frå Vegdirektoratet si handbok 075 er det definert 4 haldningsklassar for avkjørsler, og Statens vegvesen Region vest tilrar dei ulike haldningsklassane slik (sjå og rammeplanen side 16-18) :

Haldningsklasse 1 (Raud) – Svært viktig hovudveg (nasjonal og regional funksjon):

Avkjørsler:

- Vegane i prinsippet fri for avkjørsler
- Nye avkjørsler eller utvida bruk vert berre godkjent etter reguleringsplan eller etter veglova
- Unntak kan vurderast i særskilte høve

Byggegrenser:

- Byggegrense: 50 meter
- Nye bustader vert berre godkjent etter reguleringsplan
- Unntak kan vurderast i særskilte høve

Haldningsklasse 2 (Gul) – Viktig hovudveg (regional og overordna lokal funksjon):

Avkjørsler:

- Talet på avkjørsler må vere svært avgrensa,
- Nye avkjørsler bør ikkje godkjennast utan stadfesta reguleringsplan eller etter veglova
- Utvida bruk av avkjørsler bør avgrensast.
- Unntak kan vurderast i særskilte høve

Byggegrenser:

- Byggegrense: 50 meter
- Vanlegvis ikkje dispensasjon utan reguleringsplan.
- Unntak kan vurderast i særskilte høve

Haldningsklasse 3 (Blå) – Viktig lokalvek (lokal samleveg):**Avkjørsler:**

- Talet på direkte avkjørsler må vere avgrensa
- Nye bustadsavkjørsler bør avgrensast og plassering må vurderast med omsyn på framtidig samfunnsutvikling
- Godkjenning av bruk av avkjørsle bør normalt godkjennast ved oppfylte tekniske krav.

Byggegrenser:

- Byggegrense: 30 meter
- I visse høve kan ein godkjenne oppføring av bygningar.

Haldningsklasse 4 (Grøn) – Lokalveg (andre lokale funksjonar):**Avkjørsler:**

- Nye avkjørsler kan godkjennast under føresetnad av oppfylte tekniske krav.
- Der tilhøvba ligg tilrette for det, kan tilkomst visast til nærmeste eksisterande avkjørsle

Byggegrenser:

- Byggegrense: 15 meter
- I utgangspunktet vert det ikkje gitt dispensasjon for bustader og fritidsbustader innanfor byggegrensa på 15 meter.

Høyring i kommunane

Statens vegvesen gjennomførte i mai 2016 ei undersøking om bruk og erfaringar med gjeldande rammeplan til kommunar og fylkeskommunar i regionen. Svarprosenten var låg og fleire kommenterte at rammeplanen var lite kjend. I høyringsbrevet vert kommunane difor oppmoda om å komme med innspel til knytt til delstrekningar slik at rammeplanen kan vere eit felles verktøy for alle vegmynde i regionen vår. Etter høyringa vart det gjort nokre endringar i kartdelen for Rogaland, men ikkje for Hordaland og Sogn og Fjordane. Forutan Hordaland fylkeskommune og fylkesmannen i Hordaland, kom det høyringsuttale frå Os, Fjell og Meland kommunar. Fylkesrådmannen viser her til vedlegg 3 for fullstendig orientering om høyringsinnspel og merknader. Berre Fjell og Meland kommune har ønska endring i vegklasser på bestemte delstrekningar. Her følgjer ein kortfatta oversikt frå dei to kommunane med kommentarar frå Statens vegvesen.

Fjell kommune:

Kommunen kan ikkje sjå at det er grunnlag for å endre Fv 206 Bildøybakken – Døsje frå grøn til blå haldningsklasse, og ønsker at grøn status vert vidareført i rammeplanen.

Statens vegvesen grunngjev endringa med at grøn haldningsklasse vil gje utbygging på eit areal som det er behov for i høve til utbetring av veg i framtida. Statens vegvesen vil difor oppretthalde haldningsklasse blå på strekninga.

Meland kommune:

Kommunen vurderer at dei mest trafikkerte strekningane er plassert i riktig kategori, men vurderer at nokon av dei mindre trafikkerte strekningane med fordel kan flyttast til frå blå til grøn kategori. Dette gjeld

strekningane Fv 244 Meland aktiv- Fløksand via Dale og Brakstad, Fv 250 Dale (Ungdomshuset) – Sandskaret og fv 249 Rossland – Skjelangen.

Statens vegvesen vil oppretthalde blå kategori på dei nemnde strekningane og grunngjev dette med trafikktryggleik og at ein vil avgrense utbygging og fleire avkjørsler langs vegen.

Fylkesrådmannens tilråding

Fylkesrådmannen er positiv til at kommunane, Statens vegvesen og fylkeskommunen no får ein oppdatert rammeplan med differensierte haldningsklassar for avkjørsler og byggegrenser langs riks- og fylkesvegar som vert rådgjevande ved sakshandsaminga. Rammeplanen tek sikte på å løyse interessekonfliktar mellom Statens vegvesen som avgjerande styresmakt for riksvegar og rådgjevande styresmakt for fylkesvegar, og kommunane som er hovudansvarlege for arealdisponeringa.

Fylkesrådmannen har vurdert dei forslaga til endring som er komne frå Fjell og Meland kommunar og grunngjevinga frå Statens vegvesen for kvifor forslaga til endring ikkje er tatt til følgje. Fylkesrådmannen legg til grunn Statens vegvesen sine vurderingar og rår til at vedlagte rammeplan vert vedteke slik den no føreligg.